

Årsmøtet 2019 – referat

Alversund Mållag heldt årsmøte mandag 18. mars 2019 klokka 18.30 på Helselagshuset i Alversund. Elleve medlemmer møtte fram.

Inger Helen ønskte alle velkomne til møtet, og gav først scenen til Kurt Hatten, som underholdt med visesong og forteljingar til stor fagnad.

Årsmøtesaker

1. Innkalling, sakliste, konstituering

Det var sendt innkalling på e-post og gjennom annonse i begge lokalavisene.

Ingen innmelde saker.

– Val av møtestyrar: Inger Helen Midtgård

– Val av møteskrivar: Johan Myking

– Val av to med-underskrivarar til referatet: Sidsel Lauvås og Hallvard Rydland

2. Årsmelding v/skrivaren

Årsmeldinga vart oppsummert kapittel for kapittel og kommentert. Både Håtta du og Grieg-kvelden må oppsummerast som særst vellukka tiltak. Det same gjeld «Stolt av eige språk», som vert viktig å følgja opp.

Merknadene vart innarbeidde i årsmeldinga, sjå vedlegg. Styret fekk ros for godt gjennomført arbeid.

Årsmeldinga vart samrøystes vedteken.

3. Rekneskap v/kasseraren

Tone la fram rekneskapen med eit resultat på kr 7321,86 og ein balanse på kr 61693,59.

Rekneskapen var gjennomgått og tilrådd av revisor. Det vart stilt ulike spørsmål.

Resultatet er godt, laget har handlingsrom. Det er ein del transaksjonar frå 2018 som først vil visa seg på rekneskapen for 2019. Sjå elles årsmeldinga.

Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

4. Årsplan/arbeidsprogram v/leiaren

Inger Helen la fram utkast til årsplan. Utkastet vart diskutert, særleg punkta 5.3 og 7. Det kom ingen endringsframlegg, planen vart vurdert som god og ambisiøs.

Årsplanen vart samrøystes vedteken.

5. Val

Valnemnda ved Oddbjørn la fram tilråding. Inger Helen hadde sagt frå seg attval, det same hadde Kjersti. Valnemnda var nøgd med responsen frå dei som då vart spurde om å ta på seg verv, alle hadde svara ja i første runde.

Tilrådinga frå valnemnda vart vedteken med akklamasjon på alle punkt. Styret ser no slik ut:

Leiar: Karin Monstad (2020)
Styremedlem: Hilde Fiske Hugaas (2021)
Styremedlem: Harry Agnar Lunde (2021)
Varamedlem: Arne Kvamme (2020)
Varamedlem: Inger Helen Midtgård (2020)

Revisor: Ivar Atle Skaar (2020)

Styremedlemer som ikkje er på val:
Tone Røyndal Kaalaas (2020)
Johan Myking (2020)

Årsmøtet i Hordaland Mållag er halde, og det er ikkje landsmøte i Noregs Mållag. Det vart derfor ikkje valt utsendingar i år.

Valnemnda sa seg villig til å arbeida eitt år til: Marit Konglevoll, Arne Kvamme og Oddbjørn Rosnes.

Årsmøtet vedtok denne merknaden etter framlegg frå valnemnda:

Til styret frå valnemnda:

Valnemnda meiner at dei næraste åra må laget freista finna fleire som ønskjer å ha tillitsverv. Kanskje kan ei ordning vurderast der styret gjennom året supplerer seg sjølv med ein eller to unge medlemer, kanhende knytt opp til særskilde punkt i arbeidsplanen.

Kjersti (fråverande) og Inger Helen vart til sist takka av på høveleg måte. Den avtroppande leiaren fekk sterk ros for energisk og drivande arbeidsform. Den påtroppande leiaren, Karin, takka for tiltrua som årsmøtet viste ved å velja henne.

Møtet slutt om lag klokka 20.

Etter årsmøtet held me medlemsmøte med kaffi, kaker og drøs. Av saker kan nemnast Bergenskonferansen 6. og 7. april, som medlemene vert oppmoda om å reisa på.

Referent:
Johan Myking (sign., 24.03.19)

Med-underskrivarar:

Hallvard Rydland (sign., 23.03.19)

Sidsel Lauvås (sign., 20.03.19)

VEDLEGG

Vedteken årsmelding for 2019

Arbeidsåret må – som dei siste par åra – seiast å vera innhaldsrikt og vellukka, med ulike krevjande oppgåver som har involvert mange medlemer.

I 2018 har desse sete i styret: Inger Helen Midtgård (leiar), Karin Monstad (nestleiar), Johan Myking (skrivar), Tone Røyndal Kaalaas (kasserar) og Kjersti Hodnekvam (styremedlem). Varamedlemer har vore Øystein Vik og Arne Kvamme. Sjå elles årsmøtereferatet frå 2018.

Talet på formelt korrekte styremøte med referat i 2018 er fem. I tillegg til dette kjem ei rad med ulike nemndmøte og sammøte i samband med dei ymse arbeidsoppgåvene. Ein del saker har òg vorte løyste ved e-post-veksling.

Økonomien i laget er bra. "Håtta' du?" er framleis berebjelken.

Arbeidsplanen har vore følgd opp slik:

- 1. Få fleire aktive medlemmer og ambassadørar for nynorsk*

Laget hadde 87 betalande medlemer og 97 medlemer totalt i 2018. Dei tilsvarande tala for året før var 90 og 98. Noregs Mållag har sentral innkrevjing av medlemspengar. Styret har ikkje drive aktivt med påminningsaksjonar. Det har heller ikkje vore systematiske verveaksjonar, og nyrekrutteringa til laget er ikkje slik ein skulle ønska.

Styret har prøvd og prøver støtt å trekkja inn nye namn i arbeidet med dei ymse tiltaka våre. Styret har prøvd å bruka vararepresentantane aktivt.

- 2. Påskjøna val av nynorsk for 1. klassar i området vårt, skulekrinsane Seim, Leiknes, Alversund og Knarvik.*

Sjå neste punkt.

- 3. Arbeida for bruk av nynorsk i barnehagane i området vårt, ved bokgåver eller støtte til kurs for tilsette*

I samband med advent vart det delt ut adventskalendrar med nynorske songar til alle førsteklasseane i Alversund, Knarvik, Leiknes og Seim. Adventskalenderen er utarbeidd og formidla av Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-tunet. I samband med utdelinga på Leiknes skule vart det tatt eit foto og dette, saman med litt tekst, vart sendt inn til lokalavisene.

Bokgåva frå mållaget kom først på nyåret då den eine boka som skulle koma i bokhandelen i oktober, vart svært forseinka. Erna Osland si bok *Bokstavsommaren* vart

delt ut til nynorskkllassane på første trinn ved Knarvik barneskule, Alversund skule, Leiknes og Seim.

Barnehagane fekk dette året Randi Fuglehaug si bok *Papelina*.

4. *Skapa eit positivt inntrykk av kultur, nynorsk og målsak i lokalsamfunnet*

4.1 *Skipa til songkvelden «Håtta du»*

Håtta' du 2019 vart i år flytta til Storstova på Leiknes skule, og vart halde 17. februar 2019, med om lag 115 betalande deltakarar. Dette var den tolvte gongen tilstellinga vart halden sidan 2006. Håkon Træland var som vanleg programleiar, og Else Irene Westervik var forsongar og solist saman med ordførar Astrid Aarhus Byrknes til framifrå tonefølge av Boris Nikolaevich Kuprijanov. Otto Aksnes var vår faste tonefølge også i år, men kunngjorde at dette vart siste gongen. Han fekk velfortent fagnad som takk for innsatsen, og avslutta med å be heile publikum til dans til tekst og tone av Johannes Kleppevik. Målprisen vart i år tildelt redaksjonen i Nordhordland Ung. Som vanleg var diplomtet teikna av Håvard Giezendanner. I prisnemnda sat Oddbjørn Rosnes, Marit Gro Berge og Karin Monstad. Styret oppsummerer Håtta' du 2019 som særskilt vellukka, og logistikken i det nye lokalet var praktisk og enkel.

4.2 *Markera laget som ein organisasjon som femner breitt, gjerne samarbeida med andre lag og organisasjonar om tiltak som fremjar norsk språk og kultur.*

I samarbeid med Meland Mållag og Strilabiblioteket skipa laget til konserten «Edvard Grieg og målsaka» i Nordgardsløa, laurdag ettermiddag 27. oktober. Programmet var lagt opp av pianisten Øyvind Aase, som stod for det musikalske i samarbeid med sopranen Melissa Baug. Håvard Giezendanner las frå tekstar av Edvard Grieg som viste kor høgt Grieg sjølv verdsette målsaka og let seg inspirera av tekstar av Aasmund Olavsson Vinje og Arne Garborg. Eilif B. Løvteit batt programmet saman og sette tekstar og musikk i samanheng. Konserten samla rundt 100 tilhøyrarar og fekk mykje fagnad. Etterpå var det høve til sosialt samvær, m.a. med nynorsk bar og kviss leia av Karin Monstad. Formatet på denne kulturkvelden gav meirsmak med tanke på liknande tilskipingar i framtida.

Karin Monstad er framleis vår representant i Lindås kulturråd. Fleire styremedlemer deltok på møte i Alver kulturforum 19.11.18 der temaet var korleis kulturaktørar kan vera med på å utvikla ein felles kommunal identitet i den nye kommunen.

Alversund Mållag var medarrangør saman med Strilabiblioteket av debattkveld om kystspråket i mai. Det var fullt hus på biblioteket i Knarvik. Gjennom fleire samarbeidstiltak i 2017, 2018 og så langt i 2019 har Strilabiblioteket vorte ein viktig samarbeidspartnar for laget.

4.3 *Skapa blest om målsaka ved å dela ut målpris og målros(er) for god bruk av nynorsk i det offentlege rom*

Laget har delt ut målrose til Dekkhuset, det vil seia Ivar Aasen-boksar til alle tilsette. Målprisen 2019 vart delt ut på "Håtta du?" 17.2.19 og gjekk til Nordhordland Ung. Utdelingane gav god blest med flott omtale i lokalavisa.

4.4 Skipa til kulturarrangement t.d. i samarbeid med Kystsogevekene

Dette er ikkje gjennomført.

4.5 Skriva lesarbrev med mål å synleggjera målsaka

Dette er ikkje gjennomført. Det er styret si vurdering at me ikkje skal skriva lesarbrev berre for å skriva lesarbrev. Det krev ei sak som er aktuell og ei tid som er rett.

- 5. Samarbeida med dei andre mållaga i Nordhordland om tiltak for å fremja norsk språk og kultur, særleg føra vidare arbeidet med å få innført nynorsk som opplæringspråk for flyktningar og vaksne innvandrara*

Laget har hatt eit godt samarbeid med Meland Mållag om konserten «Edvard Grieg og målsaka» i november, sjå ovanfor.

Tilstellinga «Stolt av eige språk» 20. februar vart halden i samarbeid både med mållaga i Meland og Radøy, Utdanningsforbundet og med Strilabiblioteket, og samla rundt 50 tilhøyrarar. Jorid Saure og Vagleik Brekke frå Fjell kommune presenterte bakgrunnen og gjennomføringa av prosjektet i Fjell kommune sidan 2015, og Endre Brunstad frå UiB la fram tal og tendensar om språkutviklinga mellom unge i Hordaland. Dei tre ordførarane Jon Askeland, Astrid Aarhus Byrknes og Øyvind Oddekav gav kommentarar til innlegga saman med Astrid Rongevær frå Utdanningsforbundet, og deltok elles i ordsiftet. Tilstellinga var ein stor suksess og gjev von om ein god målpolitikk i nye Alver kommune. Tiltaket var støtta av kulturprogrammet for Alver kommune. Sjå nedanfor, pkt. 7.

Det vart som tidlegare halde sammøte med dei andre mållaga i Nordhordland. Møtet i 2018 var 19. september. Fleire moglege samarbeidstiltak har vore drøfta.

Alversund Mållag har alltid meint at samarbeidet mellom mållaga i Nordhordland er særst viktig, og har dei same vurderingane av dette arbeidet som i årsmeldinga for 2018.

- 6. Samarbeida med Noregs Mållag sentralt og Hordaland Mållag med formål å skapa blest om målspråk og språk.*

På dette punktet er det ikkje noko å melda.

- 7. Vera pådrivar for god målbruk i Lindås kommune og den nye Alver kommune*

Det har heller ikkje i 2018 vore møte med rådmannen i Lindås. God målbruk i kommunen er viktig å vera pådrivar for, og no må merksemda rettast mot den nye Alver kommune i samarbeid med dei andre mållaga. Dei tre noverande ordførarane deltok på møtet om «Stolt av eige språk» og gav tydelege lovnader om at dei såg på dette som ei

viktig sak i bygginga av den nye kommunen. Ein kan såleis venta seg både målbruksplan og vedtak om nynorsk administrasjons- og tenestemål.

8. Vera pådrivar for nynorsk som kyrkjemålet i sokna våre

Dette arbeidet starta med kontakt med prosten våren 2018, men har ikkje vore følgt opp etter at me fekk ny prost i området. Arbeidet bør prioriterast i neste periode, når den nye prosten er kome vel på plass. Det er reist som eit problem av fleire medlemmer at det aukar på med bokmål både som salmar i gudstenester og i kyrkjeblada.

Avslutning

Som oppsummering vil styret seia seg svært nøgd med at tilskippingane våre har fått gode oppslag i lokalavisene. Styret rettar ei særleg takk til Arthur Kleiveland for god og profesjonell hjelp i dette arbeidet.

Alle tilskippingane i 2018 har kravd stor dugnadsinnsats frå medlemene, og svært mange har hjelpt til. Styret takkar alle for velvilje og positiv innstilling!

Vedteken handlingsplan for Alversund mållag 2019

1. Få fleire aktive medlemmer og ambassadørar for nynorsk
2. Påskjøna val av nynorsk for 1. klassar i området vårt, skulekrinsane Seim, Leiknes, Alversund og Knarvik.
3. Arbeida for bruk av nynorsk i barnehagane i området vårt, ved bokgåver eller støtte til kurs for tilsette
4. Skapa eit positivt inntrykk av kultur, nynorsk og målsak i lokalsamfunnet
 - 4.1 Skipa til songkvelden «Håtta du»
 - 4.2 Markera laget som ein organisasjon som femner breitt, gjerne samarbeida med andre lag og organisasjonar om tiltak som fremjar norsk språk og kultur.
 - 4.3 Skapa blest om målsaka ved å dela ut målpris og målros(er) for god bruk av nynorsk i det offentlege rom
 - 4.4 Skipa til kulturarrangement t.d. i samarbeid med Kystsogevekene
 - 4.5 Skriva lesarbrev med mål å synleggjera målsaka
5. Samarbeida med dei andre mållaga i Nordhordland om tiltak for å fremja norsk språk og kultur ved å:
 - 5.1 føra vidare arbeidet med å få innført nynorsk som opplæringspråk for flyktningar og vaksne innvandrarar
 - 5.2 byggja nye Alver kommune med språk og kultur i høgsetet

- 5.3. planlegga og iverksetja spelstykket « Ivar Aasen på Strilelandet» i 2020.
6. Samarbeida med Noregs Mållag sentralt og Hordaland Mållag med formål å skapa blest om målspråk og språk.
 7. Vera pådrivar for god målbruk i Lindås kommune og den nye Alver kommune, og arbeide for at «Stolt av eige språk» frå Fjell kan få sin eigen Alver-variant.
 8. Vera pådrivar for nynorsk som kyrkjemålet i sokna våre